

Bli med og gå Folgefonna på langs!**30.03.2011**

Ein gjeng på 7 har leigd breførar frå Folgefonna Breførarlag helga 30. april og 1. mai for å gå Folgefonna på langs på ski, fortel Thomas F. Eide til uskedalen.no. Gjengen er frå Kvinnherad, Bergen og Karmøy.

Men det er plass til mange fleire - grensen går ved 30 deltakarar .
Thomas oppmodar fleire om å bli med på den fine turen
og melda seg til han på telefon 95253511.

Gruppa skal reisa til Jondal på fredag og overnatta i eit gjestehus ved skitrekket.
Så startar sjølve turen på morgonkvisten laurdag. Det blir overnatting på Bergen turlag
si hytte Fonnabu (eller Holmeskjer).

Det er 10 timar å gå fyrste dagen og andre dagen er det 12 timar før dei er
nede i Rosendal. Breførarlaget fristar med god mat og gode sengar på Baroniet
når gruppa kjem fram.
Fleire opplysningar finn ein på <http://www.folgefonna-breforlag.no/turar/skitur.htm>